



Bergen og Omland Friluftsråd v/Oddmund Dingen
Hellebakken 45

5039 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.
09/296-5/GBNR-41/12/RTO

Dato:
Manger: 20.04.2009

**GNR 41/12- BIRKELAND/SKAGENESET - MELDING OM TILTAK - GRILLHUS -
OVERSENDING AV VEDTAK**

Vedlagt vert kopi av sakspapir med vedtak for handsaminga av denne saka oversendt Dykk.

Det vert i den samanheng vist til vedlagde orientering om klagerett.

Med helsing

Tore Rikstad
Senioringeniør

Tiltakshavar skal seinast innan 4 veker etter at tiltaket er ferdig, opplyse om tiltaket sin plassering slik det er utført. Desse opplysningane skal m.a. sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 96.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.



Tore Rikstad
Senioringeniør

Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd Hellebakken 45
v/Oddmund Dingen

5039 BERGEN

Grillhus.



Nordrogaland og Sunnhordland Friluftsråd.

Grillhuset på Romsa er ferdig.

Kort omtale:



Naustmurene som skal bli grillhus.



Grillhuset klar til bruk.



Klart for et pølsemåltid i grillhuset.

Materialliste:

	Plassering

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	14.04.2009	101/09	RTO

Sakshandsamar: Tore Rikstad

Arkiv: GBNR-41/12

Objekt:

Arkivsaknr

09/296

GNR 41/12- BIRKELAND/SKAGENESET - MELDING OM TILTAK - OPPFØRING AV GRILLHUS - GODKJENNING

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.02.2009	Bergen og omland friluftsråd v/Oddmund Dingen	Gnr 41/12 Birkeland/Skageneset - melding om tiltak - grillhus og utviding av eksisterande kai
2	I	01.03.2009	Bergen og omland friluftsråd	Gnr 41/12 Birkeland/Skageneset - planar BOF har for Skageneset
3	U	14.04.2009	Bergen og Omland Havnevesen	Gnr 41/12 Birkeland/Skageneset - utviding av eksisterande kai

Saksutgreiing:

Oppføring av grillhus med bruksareal (NS 3940) på ca. 50 m² og bebyggt areal på ca. 50 m².

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen er definert som FR-område(friområde). Utifrå dei opplysningane som ligg ved søknaden, er tiltaket etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 26.11.2008, vert meldinga godkjent i medhald av plan- og bygningslova §§ 70, 74 og 86 a på følgjande vilkår:

1. Bygningen kan plasserast slik som vist i søknaden.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar melding:

Plan og forvaltning:

C.3.1 Melding (§ 86 a):

Kr. 4000,-.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.